

KYRKJEBLAD FOR ÅL



MESSEHAKLANE I TORPO KYRKJE / TAKK, VIGDIS! / SOKNEPREST GEIR ER PÅ PLESS
DET NYE MISJONSPROSJEKTET / VIKTIG GLOBAL VEKE / KJELLFRED BLIR KYRKJEVERJE PÅ GOL

NR. 1 | 2022 | 63. ÅRGANG



Sokneprest Vigdis Moen Storhaug har blitt pensjonist, her fotografert framom Torpo-kyrkjene i den kvite feststolaen saman med prost Sveinung Hansen. Han ber den lilla messehakelen som mellom anna blir brukt i advents- og fastetida. Foto: Birger Bolstad

«Herre, jeg hjertelig ønsker å fremme din ære.»

Kyrkja sett frå kyrkjebenken

31. januar gjekk eg ut gjennom kyrkjeporten for siste gong. Som sokneprest i Leveld, Torpo og Ål. Eg fekk ei fantastisk oppleving i Ål kyrkje søndag 16. januar. Langt over kva eg hadde forventa. Det vart nesten som å feire gudsteneste før pandemien. Med songarar, musikarar og ein stor og mangfaldig kyrkjelyd. I tillegg til alle som følgde oss gjennom strømming. Eg fekk mange gode ord og helsingar som eg vil gøyme i hjartet.

Sjølv om eg har slutta som sokneprest, har eg ikkje gått gjennom kyrkjeporten for siste gong. Men no må eg finne min plass i kyrkja på nytt. Som del av ein levande kyrkjelyd og ei open folkekyrkje.

Gudstenesta rommar heile livet

Kyrkja vil nok sjå annleis ut frå kyrkjebenken. Eg ønskjer framleis å ha eit positivt blikk. Både på dei som gjer teneste, og på dei som kjem ofte eller sjeldan til Guds hus. Kyrkja tilhøyrer alle som ønskjer det. Kyrkja rommar alt vi er og alt vi ber på. Kyrkja er meir enn kyrkjebygget og kyrkjerommet. Ho rommar òg dei gode møta mellom menneske. Både i og utanfor kyrkjerommet.

I KYRKJEPORTEN



Av Vigdis Moen Storhaug

Det er viktig å ta livet på alvor. Livet slik det er. Ikkje berre slik det kunne vore. Alle har vi noko vi slit med. I større eller mindre grad. Og vi har ulike måtar å handtera det på. Gudstenesta rommar òg heile livet. Sjølv om nokon synest det kan vere vanskeleg å knekke kodane.

Faste ledd i gudstenesta

Gudstenesta blir feira slik ho har vore gjennom nesten 2000 år. Det er likt i kyrkjer over heile verda. Dei ulike ledda har fått namn frå gresk eller latin.

Kyrie – her ropar vi til Gud. Sjå meg! Hjelp meg! Ropet er henta frå forteljinga om den blinde tiggaren som sat utanfor byporten i Jeriko. Han ropa på Jesus. Sjølv om folk hysja på han, stoppa Jesus. Lytta. Og ga han det han trong.

Gloria – her syng vi med i englesongen frå julenatta utanfor Betlehem. Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i. Og det er fleire enn vi ofte trur.

Sanctus – her lyfter vi hjarta våre i lovprising av han som fortener all ære. Kongen i det høgste. Kongen for tid og æve.

Agnus dei – her ser vi Jesus idet han kjem ned mot Jordanelva for å bli døypt. Av

døyparen Johannes. Guds Lam som ber all verdens synder. All verdas urett, skuld, skam. Han vil vere og bere saman med oss.

Benedicamus – her kjem velsigninga Moses ga folket i si tid. 3200 år seinare er det vi som får gå ut av kyrkja med orda om at Gud vil velsigne og vare oss. Vere oss nådig, og gje oss fred.

Vi er saman som Guds born

Vi syng og vi ber. Vi tenner lys og høyrer utlegging av bibeltekstar. Men vi er i første rekkje saman. Som Guds born. Under Guds himmel. Samstemde og ulike. Vi kan samlast i ei felles tru som held i liv og død: Eg trur på Gud Fader, skaparen min. Eg trur på Jesus Kristus, frelsaren min. Eg trur på Den heilage ande, hjelparen min i liv og død.

Kyrkjeporten er open!

Det skjer mykje på innsida av kyrkjeporten. Men porten er open i begge retningar. Kyrkja er òg open for alt som hender utanfor gjerdet. Vi kan møtast der vi er. På ulike stader. Møtast for å snakke om tru og tvil. Og om livet slik det er. Opent og ærleg.

På gjensyn – når og kor det måtte vere!

Messehaklane i Torpo

Torpo kyrkje har fire flotte messehaklar. Tidlegare sokneprest Vigdis Moen Storhaug og prost Sveinung Hansen viser to av dei fram på fyrstesida av dette kyrkjebladet, og ved sida av denne teksten ser me messehaklane bakanfrå.

Før Vigdis vart pensjonist, gjennomførte ho ein runde med såkalla samprat i kvart sokn. Ho hadde invitert alle friviljuge medarbeidarar i kyrkja til samtale om lokale, aktuelle spørsmål. Under sampraten på Torpo kom det fram kor flotte messehaklar som

er i kyrkja her, men at så få dessverre kjenner til dei. Det var 14. november 1993 at dei nye kyrkjetekstilane og nytt prosesjonskors kunne takast i bruk i Torpo kyrkje. Kyrkjetekstilane omfattar dei fire messehaklane som følgjer kyrkjeåret, samt preikestol-klede og klede til lesepulten. Målaren og tekstilkunstnaren Gro Bjørei har stått for utforminga av tekstilane – i samarbeid med Marit Anny Løken Tvenge i Vevstogo i Vestre Slidre. Det var mellom anna testamentariske gaver frå Liv og Olav Oppheim som gjorde kjøpet av kyrkjetekstilane mogeleg.



KYRKJEBLAD FOR ÅL

REDAKSJON Birger Bolstad (redaktør) • Wenche Skår-Ekse • Liv Margit Sørbøen

BANKGIRO 2320.20.70272 | VIPPS 627063 | ADRESSE Postboks 140, 3571 Ål | UTGJEVAR Leveld, Torpo og Ål sokneråd

GRAFISK PRODUKSJON Kreator, Torget 6, 3570 Ål, www.kreator.no

KYRKJA I ÅL

KYRKJEKONTORET Ope tysdag–fredag kl. 08.30–14.00 | Tlf. 32 08 61 61 | aal.kyrkje@hallingnett.no | www.aal.kyrkje.no

PROST Sveinung Hansen | SOKNEPREST Geir Wiknes | KYRKJEVERJE Kjellfred Dekko (til påske) | SEKRETÆRAR Guro Stave • Elin Etterlid Tveito

KANTOR Audun Flaen | MUSIKARAR Ingunn Stræte • Håkon Tveito | DIAKON Hilde Kirkebøen | KYRKJELYDSPEDAGOG Ingvild Kringlebotten Stautland | REINHOLDAR Rezene Habtom

KYRKJETENARAR Håkon Tveito • Morten Storhaug • Tom Vidar Myrestølen | SOKNERÅDSLEIAR Einar Brattegard | FELLESRÅDSLEIAR Torfinn Slåtto

Påska er her – eit sikkert vårteikn

Når vi no går inn i påska, er det eit sikkert vårteikn. Omkring månadskiptet mars april kvart år kjem påska, litt avhengig av fullmånen. Og omkring på same tida kjem våren for fullt. Påska i kyrkja og våren rundt oss i naturen er viktige for oss menneske. Dei markerer at kretsløpet aldri gjev opp. Livet tapar ikkje, same kor mørkt, kaldt, livlaust og trasig det heile kan synast.

Då eg var liten, var påske synonymt med skigåing. Ikkje så langt, og ikkje så mange turane, men vi måtte alltid ein tur til fjells. Vi ville sjå til stølshusa, sjå kor mykje snø det låg att i fjellet, og prøve å finne oss ein god plass i solveggen der vi kunne innta ei appelsin og ein Kvikk Lunsj. Skituren til og frå var også fin, etter kvart som vi vart eldre, i alle fall. Og ein kunne sjå at bekkane og elvane, knoppene på trea og dagslyset litt om senn vann fram over det livlause og mørke.

Påska er ei høgtid for livet. Og høgtida som også rommar livet. For påska er også ei kyrkjeleg høgtid som strekkjer seg frå gleden og forventningane palme-sundag, til avskil og fellesskap med dei næraste venene skjærtorsdag, angst,

rettssak, dom og død langfredag, rådløyse og sorg før påskemorgon bryt ut i jubel og undring over livet som har vunne over døden. Jesus gjer døden til skamme, bryt ned muren mellom Gud og menneske, kjem oss i møte med open famn og seier: Sjå, eg er med deg alle dagar, så lenge verda står!



«Påske er vårteiknet som peikar på at livet er sterkare enn døden.»

I Ål, Torpo og Leveld følgjer vi alle påskedagane med ei rekkje ulike gudstenester – ute og inne, og alle er

.....

ANDAKT



Av Geir Wiknes, sokneprest

velkomne til å delta. Kyrkjebesøka og gudstenestene ligg kanskje tett i påska, og for mange er det djupt meningsfullt å ta del i vandra inn i historiene om Jesus, Peter, Judas og dei andre. For meg er det sterkt å igjen undrast over korleis evangeliet er så ærleg om det som skjedde. Den pyntar ikkje på sanninga, men skriv det heller ut. Om lag halvdel av kvart evangelium dreier seg om dagane kring påska: påskeevangeliet.

Påska er appelsiner, Kvikk Lunsj og påskeegg. Påska er å sette ein travel kvardag på pause og følgje med på det som skjer rundt oss, sjå etter spor av lys og liv i det som til no har vore dekt av snø og kulde. Påske er overgangen frå død til liv, frå mørke til lys, frå slaveri til fridom. Påska er vårteiknet som peikar på at livet er sterkare enn døden.

Med ynskje om ei god påske og ein god vår, metta med vårteikn både kring oss og i oss.

Fasteaksjonen 2022

Kirkens Nødhjelp har fokus på å sikre folk i naud reint vatn og trygge sanitær- og hygieneforhold. Årets fasteaksjon har fått tittelen «Håp i ein drome vatn».

I tillegg til å samle inn pengar til arbeidet i Kirkens Nødhjelp, set fasteaksjonen også fokus på nokon av dei grunnleggande årsakene til fattigdom og konflikt. I år er fokus vatn og klima. Klimakrisa rammar dei fattige hardt, og Kirkens Nødhjelp vil derfor påverke politikkane til å auke bistand knytt til handtering av klimaendringar og å kutte i eige klimautslepp.

I år set fasteaksjonen fokus på Malawi, som er eit av verdas fattigaste land. 80 % av innbyggjarane er fattige bønder som vert spesielt råka av klimaendringane. Takondwa Phanga er agronom og er med å bekjempe svolt og



fattigdom ved å lære bort moderne jordbruksteknologi til småbønder. Du kan lese meir om Takondwa og årets fasteaksjon på www.fasteaksjonen.no.

Årets fasteaksjon er 5. april. Det er konfir-

mantane i Ål, elevlar på Etter skuletid og andre frivillige som er bøssebærarar. Ta godt imot dei.

Om du ikkje er heime når dei kjem, er det også høve å gi via VIPPS nr 2426, gåvekonto 15942287493 eller sende SMS VANN til 2426 (250 kr). Det er også andre måtar å bidra på. Dette kan du lese om på nettsida www.fasteaksjonen.no/hvordan-kan-jeg-bidra/

I fjor måtte prost Sveinung isbade, då det kom inn over 80.000 kr. I år er målet 90.000. Etter to år med digital innsamling er det endeleg lov å gå frå dør til dør igjen. Prosten tar utfordringa, og isbadar i år igjen om målet vert nådd. Han får også med seg den nye soknepresten Geir.

Av Wenche Skår-Ekse

– Takk, Vigdis!

Vigdis Moen Storhaug har blitt pensjonist. I 20 år har ho vore prest, 13 av dei var ho prost i Hallingdal og seinare sokneprest for Leveld, Torpo og Ål sokn. 16. januar hadde Vigdis si siste gudsteneste som tilsett. Og for ei avskilsgudsteneste i Ål kyrkje dette vart!



Frå kyrkjekaffien etter avskilsgudstenesta med sokneprest Vigdis Moen Storhaug. Her er ho saman med mannen Kjell, som alltid har vore til stor støtte, og soknerådsleiar Einar Brattegard, Brattegard takka Vigdis og overrekte henne ei urne (eller krukke) som gåve frå Leveld, Torpo og Ål sokneråd.

Alle som var til stades denne sundagen, vil alltid hugsa denne kjenslefylte folke-musikk-gudstenesta. Det er så trist at folkekjære Vigdis sluttar, ho som er «ein tå uss», som det vart sagt. Men folke-musikarane klarte likevel å løfta heile kyrkjelyden med sine himmelske tonar.

Når komponisten og musikaren Jo Asgeir Lie får med seg sine dugande folkemusikkvener, då går me alltid ei stor oppleving i møte: Olav Luksengård Mjelva spelte fele, Audun Flaen orgel og Ingunn Stræte trekkspel. Og sanneleg opplevde me også Ingunn Stræte og Håkon Tveito dansande springar som berre dei kan.

Den gode forkynnaren

Men hovudpersonen denne dagen var sjølv sagt Vigdis, presten som har slik ei eineståande evne til å kommunisera med

folk, liten som stor, og som ser oss alle. Ho er ein god lyttar – og ein god forkynnar. Tilhøyrarane får alltid noko å grunna på når Vigdis preikar, kanskje fordi ho er visjonær. Ho ser framover, men ikkje berre framover; ho ser også det nære («visjon nær»), som prost Sveinung Hansen sa det. Han helsa elles frå biskop Jan Otto Myrseth som hadde skrive gode avskilsord til Vigdis.

Mange takketalar

Under kyrkjekaffien takka mange Vigdis for alt ho har betydd for folk og Ål-samfunnet. – Takk for alt du har sådd,

oppsummerte prost Sveinung. Elles helsa Einar Brattegard frå soknerådet, Kjellfred Dekko frå staben, ordførar Solveig Vestenfor frå kommunen, Berit Kilde frå Normisjon, Helge Svanaasen frå Kilden, og til slutt Magne Ilstad – før Vigdis sjølv, i takksemd, oppsummerte litt av den utfordrande reisa si som prest.

Kantor Audun Flaen er ein meister på orgelet. Han avslutta avskjedsstunda med soknepresten med ein mektig toccata av Eugene Gigout. Til stor applaus.

Av Birger Bolstad (tekst og foto)

DIKT TIL ETTERTANKE: Vigdis Moen Storhaug har opp igjennom åra gledd mange med sine dikt, også her i kyrkjebladet. I 1988 gav ho ut diktsamlinga «På innsida av året». Dåverande prost i Hallingdal, Asle Dingstad, skreiv i føreordet at Vigdis «slår en himmel over det hverdagslige og hjelper oss til å leve mer nært og ekte». Dingstad understreka vidare: «Diktene er et vitnesbyrd om en kristen tro som binder Gud og verden sammen. Det er ikke forkynnelse i vanlig forstand, men ordene konfronterer oss med Guds tanke om våre liv. Ikke belærende og påtrengende, men erfaringsrikt og undrende.» Her er eitt av dikta til Vigdis, «Potetopptaking»:



POTETOPPTAKING

No har eg begynt på nypotetene
Det var slutt på dei skrukkete i kjellaren
Med bøtte og greip gjekk eg ut
for å hente nye poteter opp av jorda
Nokon følgde med graset
andre vart liggande att i jorda,
men eg grov dei fram og la dei i bøtta
Kvite og fine innanfor jordlaget
Bortsett frå ei
Morpoteta
Svart og mjuk låg ho der. Daud.
Æsj, for ei råttne potet!
Men så tok eg meg i det;
Var det ikkje denne poteta eg stakk i jorda i vår?
Var det ikkje ho, som ved å døy, hadde gjeve liv

til alle dei fine, nye potetene?
Ikkje at eg forstår korleis det går til
Eg forstår ikkje meir enn at eg
ved å putte ei potet i jorda om våren
kan hente inn mange nye om hausten
Det er så naturleg,
slik det alltid har vore
Kan hende er påskebodskapen
meint å vere like enkel og naturleg
sjølv om eg har vanskelig for å tenke
enkelt om Jesu død
Men Jesus døydde
for å gje nye menneske nytt liv
Kan hende kan du tenkje etter
neste gong du tek fram ei potet
Om du er ei av dei nye
som har fått liv frå den døde

Sokneprest Geir er på plass

35-årige Geir Wiknes frå Valdres har teke til som sokneprest i Ål. Han var ferdig-utdanna prest våren 2016 og kjem frå sokneprest-stilling i Elverum.

Den høgtidelege innsetjinga av Wiknes som sokneprest i Ål skjedde i gudstenesta i Ål kyrkje søndag 20. februar. Under kyrjekaffien hevda prost Sveinung Hansen at Geir er den 34. lutherske soknepresten i Ål og jammen var han også den 34. lutherske soknepresten i Elverum!

Nesten halling

Fleire ynskte Geir velkomen som sokneprest til Leveld, Torpo og Ål sokn. Soknerådsleiar Einar Brattegard las innsetjingsbrevet frå biskopen og understreka sjølv gleda ved å få nettopp Geir som prest til Ål. Med eit glimt i auga hevda Brattegard at «å nei, det er inga ulempe at nyepresten snakkar valdris-dialekt. Det er jo nesten som halling!».

Tidlegare sokneprest Vigdis Moen Storhaug ynskte Geir velkomen ved å fortelja ei historie om då ho sjølv vart fødd. Den gongen kunne ikkje foreldra vita sikkert om det vart

gut eller jente; ultralyd eksisterte jo ikkje. Difor hadde dei to namn på blokka, foreldra hennar: Vigdis og Geir. Det vart ei jente, og Vigdis vart namnet.

- Men det rare er at det er ein Geir som følgjer etter meg som sokneprest i Ål, sa ho.

Song til hjartet

Musikarane i folkemusikk-gudstenesta løfta oss alle, nok ein gong. Jo Asgeir Lie, som har komponert liturgien, spelte trekkspel, Audun Flaen orgel. Ingrid Lingaas Fossum spelte langeleik og song verkeleg til hjartet på oss alle, og me hørde Henning Andersen på fele.

Den same Andersen er ven med Geir og kunne ikkje anna enn minna kyrkjelyden og presten, noko humoristisk, på eit bibelord frå Forkynnaren 2,24: «*Ingen ting er betre for eit menneske enn å eta og drikka og unna seg gode dagar midt i alt sitt strev.*»

Geir er nemleg så glad i kaker, og særleg marsipankake!

Av Birger Bolstad (tekst og foto)



Geir Wiknes vart innsett som ny sokneprest i Ål 20. februar. Forgjengaren Vigdis Moen Storhaug gir han stafettpinne. – No er det din tur, Geir!



To aktive misjonsdamer i Ål. Gunn Elen Hansen (til venstre) og Sigrun Kaslegard.

MADAGASKAR – det nye misjonsprosjektet

«Ein kyrkjelyd utan misjonsengasjement er som eit hus utan vindauga», sa Reidun Andersen Weberg frå NMS Buskerud, som deltok i gudstenesta i Ål kyrkje 30.januar.

Kyrkjelydane her i Ål har alltid eit misjonsprosjekt som dei støttar, og kvart prosjekt varer i tre år. No er perioden der me støtta Himalpartner med å betre tilhøva for fleire fjellskular i Nepal over. Kyrkjelydane har sendt over 200 000 kr til dette prosjektet. Stafett-pinnen vart no sendt vidare frå Sigrun Kaslegard, som har representert Himalpartner, til Gunn Elen Hansen, NMS sin representant i Misjonsrådet.

NMS, som er ei forkorting for Det Norske Misjons-selskap, er den eldste misjonsorganisasjonen her i Noreg. Han vart starta i Stavanger i 1842 og er forankra i Den norske kyrkja. Dei har mange frivillige medarbeidarar og driv misjon i fire verdsdelar. Dei har og eittåringstenester og volontørar der ein hjelper til i ulike misjonsprosjekt ei kort tid.

Prosjekta på Madagaskar som kyrkjelydane her i Ål har avtalt å støtte, er:

1. **Studiestipend:** Dette er eit prosjekt som legg til rette for at fattige ungdomar kan få utdanning på kyrkja sine fagskular innan sjukepleie, lærarutdanning og landbruksfag. Dei støttar og lærarskule og yrkesfagleg utdanning for syns- og høyrselshemma.
2. **Driftsstøtte** til to landbruksskular i Antsirabe og Vohipeno. Desse skulane gir gassisk ungdom høve til å lære korleis dei kan utvikle god og effektiv gardsdrift og samtidig bli innovative og miljømedvitne gjennom undervisning og praksis på skulen.

Høyrest dette interessant og viktig ut? Då kan du ta med deg ei brosjyre som ligg i alle kyrkjene våre, og der du kan lesa meir om dette nye viktige misjonsprosjektet. Be for prosjekta, bli gjerne fast gjevar, støtt prosjektet med offer i enkelte gudstenester, eller ver kreativ og bidra på andre måtar!

NMS har nokre misjonsforeiningar her i Ål som har plass til fleire.

Av Liv Margit Sørboen (tekst og foto)



Ungt moteshow med rettferdig produserte klede. Bak til venstre er ballettkunstnar og grundar Sigmund Hegstad. Foto: Ingvild Kringlebotten Stautland

Viktig global veke

27.-28. november markerte kyrkja i Ål den globale veka og diakoniens dag. Sjølv temaet for global veke 2016-2022 er «Moderne slaveri».

Sigmund Hegstad, ballettkunstnar og grundar av klesmerket Faire&Square, hadde danseworkshop på laurdagen med born og konfirantar. Han har jobba i Framtiden i våre hender, og arbeider for å endre klesindustrien og folks haldningar til denne. Me veit at dei som produserer klede for oss, ikkje blir behandla på ein god måte. Mange – og særleg born – blir utnytta. Det er difor viktig å formidle alvoret og samtidig kunne formidle håp.

På Kafe Tid var det moteshow med dei lokale ungdommane og popup-butikk med klede produsert under gode arbeidsforhold. På sundagen deltok borna og konfirmantane i gudstenesta og på kyrkjekaffi på Kafe Tid.

Det er kyrkjesamfunna i Norges Kristne Råd (NKR) som står bak Globale veke, som blir markert rundt om i landet. Globale veke blir drive med støtte frå Norad, Justis – og beredskapsdepartementet og Kirkens Nødhjelp og skal setja søkelys på global urettferd.

Ny prostiprest

Ingrid Finsådal Bakke blir innsett som ny prostiprest i Hallingdal prosti i gudstenesta i Ål kyrkje søndag 22. mai.



Det blir konfirmasjon!

Dette er konfirmasjonsdatoane:
Torpo 8. mai, Ål 15. mai og 11. juni, Leveld 12. juni.

.....
AKTUELT

Solidaritet og vennskap

Trusopplæringa i Ål tilbyr samlingar for born på ulike alderssteg. Kyrkja ynskjer å gje born og unge opplæring i kristen tru gjennom ulike tema. På skulen sin planleggjingsdag 22. november i fjor var det mini-BUK, eit tilbod til born på 1.-3. klassesteget. BUK, denne vanskelege

forkortinga, står for «Barnas Uke i Kyrkja». Tema denne gongen var solidaritet og vennskap. Det var lek og aktivitet ute og inne, song og bibelforteljingar, fokus på solidaritet lokalt og nasjonalt, borna laga kakaopinnar for sal, det var film m.m. Her eit bilete frå undervisningsøkta i kyrkja.



Foto: Ingvild Kringlebotten Stautland

Formiddagstreff våren 2022

Vats bedehus kl. 12-14

Onsdag 30. mars:

Beatrice Furaha og Einar Brattengard: «Å vere til velsigning for kvarandre».

Andakt: Roar Halvåg

Onsdag 27. april:

Svein Beksrud: «Hvordan beholde troa ved jobbing alene utenlands?» Erfaringar frå arbeid ved Flyktningehjelpen og Røde Kors.

Andakt: Sveinung Hansen

Ål kyrkjestugu kl. 11 -13

Onsdag 6. april:

Øystein Lappegard: Helsetenesene i Ål på 1940 og -50-talet. Andakt: Ingvar Solberg

Onsdag 4. mai:

Beatrice Furaha og Einar Brattengard: «Å vere til velsigning for kvarandre».

Andakt: Ingvild Kringlebotten Stautland

Arr. Diakoninemndene. For meir info om formiddagsmøta: sjå www.aal.kyrkja.no


Tro og Lys – Ål gruppa

28. mars: Velkommen til kyrkjestugu og kyrkja kl.17.00-19.00

30. mai. Våravslutning på Camping.

LEIK, SONG, MAT OG SAMVÆR

Heidi Langegard – leiar
Ingvild Kringlebotten Stautland – diakonimedarbeider



VI GÅR I KYRKJA

MARS

27.03.2022 Luk 1,39-45

Ål kyrkje 11:00
Vats fjellkyrkje 11:00

30.03.2022 Luk 1,39-45

Ål kyrkje 18:30

APRIL

03.04.2022 Joh 6,24-36

Torpo kyrkje 11:00
Vats fjellkyrkje 11:00
Ål kyrkje 18:00

06.04.2022 Joh 6,24-36

Ål kyrkje 18:30

10.04.2022 Joh 12,1-13

Ål kyrkje 11:00

14.04.2022 Joh 13,1-17

Torpo kyrkje 11:00
Vats fjellkyrkje 11:00
Sangefjell naturkatedral 13:00
Ål kyrkje 19:00

15.04.2022 Joh 18,1-19,42

Nystølskyrkja 12:00
Leveld kyrkje 19:00

17.04.2022 Joh 20,1-10

Leveld kyrkje 10:00
Ål kyrkje 11:00
Nystølhovda på Opheimsåsen 12:30

18.04.2022 Joh 20,11-18

Kårstugu 11:00

24.04.2022 Joh 20,24-31

Ål kyrkje 11:00

MAI

01.05.2022 Mark 6,30-44

Ål kyrkje 11:00

08.05.2022 Joh 14,1-11

Torpo kyrkje 11:00

15.05.2022 Joh 17,6-11

Ål kyrkje 11:00

17.05.2022 Luk 17,11-19

Ål kyrkje 10:00
Torpo kyrkje 11:00
Leveld kyrkje 11:30

22.05.2022 Matt 6,7-13

Ål kyrkje 11:00

26.05.2022 Joh 17,1-5

Torpo kyrkje 11:00

29.05.2022 Joh 16,12-15

Ål kyrkje 11:00

JUNI

05.06.2022 Joh 14,23-29

Ål kyrkje 10:00
Leveld kyrkje 12:00

11.06.2022 Joh 14,23-29

Ål kyrkje 11:00

12.06.2022 Luk 24,45-48

Leveld kyrkje 11:00
Ål bygdemuseum 13:00

DØYPTE

Leveld kyrkje

14.03.2021 Silje Berget Ødelien
09.01.2022 William Tveitehaug-Grønning

Ål

13.10.2021 Jon Philip Isaksson Tveitehaug
28.11.2022 Othilie Bjerke Helmen
25.12.2021 Tumaini Ishara

Torpo

13.11.2021 Amund Løstegård Ødegården
02.01.2022 Even Fossen Bråten
13.02.2022 Imre Skogheim Keil

DØDE

Leveld

02.11.2021 Anne Bjørg Dokk f.1938
26.12.2021 Sissel Gurigard f.1932
27.12.2021 Margit Gurigard f.1944

Ål

25.09.2021 Svein Buseth f.1939
12.10.2021 Ole Kristian Snare f.1939
25.10.2021 Birger Otto Øen f.1929
23.11.2021 Sverre Bæra f.1934
18.12.2021 Lars Kjell Skrindo f.1939
30.12.2021 Alwin Henri Paujoli f.1949
07.01.2022 Knut Helfred Myrestøl f.1930
17.01.2022 Ole A. Noss f.1932
03.02.2022 Borghild Nordheim f.1928

Torpo

05.11.2021 Bergljot Uhlen f.1933
09.11.2021 Ingrid O Kolsrud f.1930
19.11.2021 Ola H Helling f.1928
19.12.2021 Margot Tretterud f.1933
27.01.2022 Svanhild Moen f.1937

VIGDE

Ål

22.10.2021 Per Gunnar Andersen og Tone Lian



Dåp og vigsel

Kyrkja inviterer til dåp og vigsel. No har samfunn og kyrkje opna opp att. – Me tek meir enn gjerne mot påmeldingar til, eller spørsmål om dåp og vigsel, seier den nye soknepresten vår, Geir Wiknes. Mange har venta med å samla familie og vener til å feira. Ta kontakt!

Open Ål kyrkje

Måndag–fredag kl. 8.30–14. Onsdagar open kyrkje kl. 19–20.30.
Siste onsdag i månaden også enkel kveldsmesse kl. 18.30–19.

Vedtak om nye gravfelt

Fellesrådet får ofte førespurnader om å kunne gravlegge på nye felt. For Ål og Torpo er det gjort vedtak om at desse felte inntil vidare ikkje skal brukast. Det har samband med at det er ledig svært mange graver andre stader på kyrkjegarden. På Torpo er det til dømes om lag 50 doble, og 60 enkle graver som kan nyttast opp att på dei gamle felte. Med eit vedtak om å la dei «nye» felte stå ubrukte vil dei kunne nyttast når det blir behov i framtida.

Kremasjonsavgifta blir dekkja

Ål kommunestyre har gjort vedtak om at kremasjonsavgifta blir dekkja av kommunale midlar frå og med 2022. Grunngevinga er at kostnadene ved kremasjon og kistegravferd skal vera likestilte. Det er fellesrådet som har gravplassforvaltinga i Ål kommune.

Kyrkjevevja

Gravstell

Ål kyrkjelege fellesråd tilbyr gravstell på kyrkjegardane i Leveld, Torpo og Ål. For at kyrkja skal ta på seg dette, er det nødvendig at der er plantekasse som vist i illustrasjonen. Det er plantekasser i ulike storleikar. Sjå avtaleskjema for 2022 på nettsida vår www.aal.kyrkja.no



Frist for å teikne ny avtale om gravstell er 15. mai. Avtale inngått etter denne datoen gjeld frå neste år. Interesserte kan senda inn avtala pr post eller pr mail.

Nytt frå kyrkja?

Gå inn på nettsida vår www.aal.kyrkja.no og få med deg det siste.

Neste nummer av kyrkjebladet kjem ut ei veka tid før St. Hans. Frist for å levera stoff er 9. mai.



Kyrkjevevje Kjellfred Dekko framom kyrkjene og kyrkjestugu på Torpo. Kyrkjestugu, også kalla Dekko-stugu, er truleg lafta på slutten av 1700-talet. Her vaks Eirik Dekko opp, goffa til Kjellfred, i ein stor syskenflokk. – Dekkostugu betyr derfor mykje for meg, seier Kjellfred.

altså i gjennomsnitt 17 i året! Dette har vore eit viktig løft for oss og ført til god kyrkjesøking.

Kjellfred framhevar elles i dette intervjuet den svært gode kontakten som det alltid har vore mellom kyrkja og kommunen.

Stort engasjement

Kjellfred har eit imponerende og sterkt engasjement for kyrkjas plass i samfunnet: Korleis skal kyrkja utvikla seg, og kva kan han bidra med?

I ti år har han site som vald representant i Tunsberg bispedømmeråd og møtt på dei årlege kyrkjemøta; i fire av desse åra var Kjellfred leiar i bispedømmerådet. Han har her vore med og tilsett prestar og hatt eit par intervjurundar med bispekandidatar. Han har vore med på fleire krevjande prosessar i Den norske Kyrkja, til dømes prosessen med å skilja kyrkje og stat, vigsel av likekjønna, ny dåpsliturgi og nattverdsliturgi m.m.

Engasjementet i bispedømmerådet og på nasjonalt plan har han teke med seg attende til Ål. For eksempel har Kjellfred vore ein pådrivar for å få til ein namna minnelund. Han likar å framsnakka Ål, ekte bygdegut som han er. Difor er det fleire i hans vide kontaktnett som har kome nettopp til Ål for å sjå på ulike prosjekt – og bli inspirert.

- Eg likar å føra folk frå ulike miljø saman, seier Kjellfred.

Og no er det golvingane sin tur til å kunne gle seg over engasjementet hans. Lukke til vidare, Kjellfred!

Av Birger Bolstad (tekst og foto)

Kjellfred blir ny kyrkjevevje på Gol

Kjellfred Dekko (58) sluttar som kyrkjevevje i Ål etter vel 20 år i stillinga. Frå 2. mai har han teke mot ny kyrkjevevje-stilling på Gol. – Det kan stundom vera greitt å skifta arbeidsplass, å starta på ein annan teig. Og no baud sjansen seg, seier Kjellfred i dette intervjuet.

Det er vel knapt nokon annan som kjenner kyrkjene i Ål så godt som Kjellfred. Som kyrkjevevje har han hatt hand om dei praktiske tinga som skal til for å driva det lokale, kyrkjelege arbeidet. Han forvaltar kyrkjer og andre bygg, han styrer økonomien, han har personalansvar, altså svært ansvarsfulle oppgåver.

Men så er torpingen også ein kunnskapsrik og allsidig kar. Treårig kyrkjevevje-utdanning frå distriktshøgskulen i Volda har han (men i botnen er han faktisk tømrrar!). Han har gått bibelskule, vore leirstad-styrar i Sunnfjord og kyrkjevevje i både Lærdal og Tvedestrand før han kom attende til heimekommunen. Og det fyrste han måtte gripa fatt i som

nytilsett kyrkjevevje i Ål, var å få på plass nye tak på kyrkjene i Leveld og Torpo.

250 folkemusikk-gudstenester!

Det Kjellfred synest har vore mest moro å jobbe med, når han får spørsmål om det, det er noko som – med eit vanskeleg, men presist ord – er kalla å «stadeigengjera» kyrkja: På Ål handla dette mellom anna om dei såkalla folkemusikk-gudstenestene.

- I dette prosjektet og i denne prosessen har det vore mange, mange deltakarar og stort engasjement frå dei andre tilsette, fortel Kjellfred:

- Eigentleg var det tidlegare stortingsrepresentant Hallgrim Berg som fekk snøballen til å rulla. Han fortalde oss om ledige kulturmidlar som me kunne søkja på. Me fekk tildelt pengar. Mange ressurspersonar vart kopla på, som kantor Audun Flaen, og Jo Asgeir Lie, som har komponert folkemusikk-liturgien. Eg har styrt ein del av økonomien og mellom anna vore med å henta inn musistarar. Me har jamnleg, i 15 år, fått tildelingar frå Kulturrådet og har halde 250 folkemusikk-gudstenester,

av Hallingdølen 3. februar og gjekk naturleg nok viralt på sosiale medium. Til dømes måtte du som søkjar vera «Søkkande go te lesa, skrive og svalle» og samstundes måtte ein «Kunne noko om mykky, men mest om peng, hus og folk». Og så var det det å vera «Snøgg i snudnan», då. Søk no, var oppfordringa, for «- Det e harmele å la slikt gå ifrå se...».

Redaktøren av kyrkjebladet er pensjonist og vurderte nok aldri i sitt yrkesliv å søkja

kyrkjevevje-stilling. Men denne særmerkte annonsa har levd vidare i meg. Så hadde eg vore yngre...? Kven vil ikkje «vera med og leie ei sabbe go og levande folkekyrkje i Ål?»

Ei annonse som merkjer seg ut på denne måten, gløymer ein ikkje så lett. Og den som gøymer seg bak desse sprelske, språklege formuleringane er nok, ja, du gjetta riktig, han Kjellfred sjølv, den svært erfarne kyrkjevevja

Birger B.

Kven tek over?

Me er mange som er spente: Kven blir den nye kyrkjevevja i Ål? Då søknadsfristen gjekk ut, hadde fellesrådet fått inn tre søknader. Tilsetjinga har nok skjedd når du les dette; me har dessverre altfor lang produksjonstid til å få det med i denne omgang.

Men det me veit, er at ei stilling-ledig-annonsa om ny kyrkjevevje i Ål vekte stor oppsikt. Lysinga stod på trykk i dialektutgåva